



Tilbydarane

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/659 - 16/4350

Saksbehandlar:

Tore Rikstad

tore.rikstad@radoy.kommune.no

Dato:

02.05.2016

Ny barnehage Bø - utlysning av arkitektkonkurranse - tilbodsgrunnlag

Det vert vist til kunngjering i Doffin-basen.

Radøy kommune inviterer interesserte føretak til å gje tilbod på arkitektprosjekteringa i samband med oppføring av ny barnehage med 6 avdelingar på Bø.

Oppdraget omfattar m.a:

- Utarbeiding av skisseprosjekt med planar, snitt og fasader.
- Utarbeiding av eit generelt tilbodsgrunnlag som funksjonsbeskrivelse for alle fag som grunnlag for tilbodsinnhenting som totalentreprenør.
- Utarbeiding av situasjonskart med planlagde og eksisterande tiltak.
- Utarbeiding av overordna brannkonsept som prosjekteringsgrunnlag for prosjektet.

Barnehagen er planlagt med 6 avdelingar og skal oppførast i 2 etasjer innafor avsett område i reguleringsplanen som m.a. inneber at 1 – 2 bygningar må rivast.

Den nye barnehagen skal innehalda alle funksjonar for å få eit komplett og permanent bygg både for barna og dei tilsette. Vedlagt er skissert ein funksjonsberskrivelse som kan vera med å danna grunnlag for arkitektprosjekteringa.

Arbeida skal utførast i nært samarbeid med byggherre og ein må i denne samanheng rekna med minst 5 prosjekteringsmøter med byggherre.

Det vert stilt krav om erfaring til arbeid med prosjektering av barnehagar og utarbeiding av tilbodsgrunnlag for totalentreprise. Tilbodsgrunnlaget vert utsendt til føretaka på grunnlag av dokumentert erfaring og dokumenterte kvalifikasjonskrav, m.a. etter ny byggesaksforskrift som trådte i kraft 1. jan. 2016.

Prosjekteringsarbeida må vera ferdig utarbeidd og godkjendt klar til utsending i inneverande år.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova, og den som får tildelt arbeidet må ha pårøpelig ansvar i tiltaksklasse 2 og stå som ansvarlig søker/ansvarlig prosjekterende til rammebetingelse for hele tiltaket.

Tilbudskonkurransen vert gjennomført i samsvar med lov og forskrift om offentlege anskaffelser.

Oppdragsgivar tar attensyn om å avlysa konkurransen dersom det ligg føre sakleg grunn, som bortfall av planlagt finansiering, manglande godkjenning frå politisk hald.

Oppdragsgivar kan forkasta alle tilboda dersom resultatet av konkurransen gir sakleg grunn for det.

Frist for mottak er sett til 01.06.16 kl 12.00.

Med helsing

Tore Rikstad

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Tilbydarane